

Autistiske barn leder veg i musikkterapi

(F) Presentasjon av forskning

14.00-14.25, Spor 2: Auditorium 5

Foredragshaldar

Sølvi Marie Berge, Solvimarieberge@hotmail.com

Samandrag

Denne presentasjonen frå musikkterapeutisk praksis er basert på masterprosjektet mitt. Eg utforska korleis ein kunne utvikle eit musikkterapitilbod, i saman med autistiske barn i ein skulesamanheng, ved hjelp av tilpassa deltakande aksjonsforskning og datainnsamling gjennom videoopptak og feltnotat. Deltakarane var to autistiske jenter, som fekk tilbod om individuell musikkterapi på skulen sin over ein periode på fire månadar. Musikkterapien bygde på praksis og teori om handlingsdialog (De Jaegher, 2013; Mössler et al., 2023), som nyttar seg av musikkterapeutisk improvisasjon og musikalsk samhandling, der barn og terapeut utviklar musikken saman for å fremme utvikling og endring. Musikk vart ikkje brukt for å normalisere eller trene åtferd, men heller til å anerkjenne barnet sin identitet, noko som samsvarer med nyare teoriar frå disability-studies (Metell, 2014), og forskning frå autistiske forskarar. Analysen av prosjektet sine data avdekkar fire hovudtema: kroppsbasert kommunikasjon og læring, deltakande meiningsskaping, autonomi, og bruk av rom og material. Tema blir presentert ved bruk av vignettar frå prosjektet og drøfta/reflektert i lys av konferansens spørsmål om kva vi kan gjere med musikk i musikkterapi, òg med tanke på handlingsdialogen sitt potensial i musikkterapi med autistiske barn i ein skulesamanheng, og vidare implementering av tilbodet i denne konteksten.

Referansar

- De Jaegher, H. (2013). Embodiment and sense-making in autism [Hypothesis and Theory]. *Frontiers in Integrative Neuroscience*, 7. <https://doi.org/10.3389/fnint.2013.00015>
- Metell, M. (2014). Dis/Abling Musicking: Reflections on a Disability Studies Perspective in Music Therapy. *Voices: A World Forum for Music Therapy*, 14. <https://doi.org/10.15845/voices.v14i3.786>
- Mössler, K., Halstead, J., Metell, M., Gottschewski, K., & Schmid, W. (2023). "The room is a mess": Exploring the co-creation of space for attunement dynamics between an autistic child and a non-autistic music therapist. *Nordic Journal of Music Therapy*, 32(4), 321-340. <https://doi.org/10.1080/08098131.2022.2145346>